

# Referat frå møte i styringsgruppa Idrettscampus Bergen

---

Dato:	29. september 2017
Tid:	kl. 9.00 – 11.00
Stad:	Fylkeshuset, møterom Nordhordland 4. etasje

---

Deltakarar: Pål Hafstad Thorsen, Pål Kårbø, Helge Johnsen, Eivind Lunde, Pia Mørk Andersen, Vibeke Johannesen Morten Kristoffersen, Knut Songve, Torhild Næss Vedeler, Rune Titlestad, Frida Mathisen, Ivar Borge, John Wickstrøm og Hanne Espe  
Forfall: Oddrun Samdal, Bjørg Kristin Selvik, Trond Pedersen, Anita Lyssand, Birthe Andersen Haugen, Odd Bjarne Berdal, Ola Røksund, Britt Karen Spjeld, Frode Karlsen  
Møteleiar: Pål Hafstad Thorsen

## 7.1 Godkjenning av referat frå møte 6. april 2017

Vedtak: Referatet godkjent.

## 7.2 Orientering om status i arbeidet med delprosjekt inkl. logo og evaluering av expo under Sykkel VM

Presentasjon av oppdatert årsplan v/ PwC. Sjå vedlegg: presentasjon frå PwC som vart nytta i møtet.

- Presentasjon av ny profil. Viktig at alle aktørane brukar ny mal ved presentasjon av Idrettscampus Bergen.
- Det vert jobba vidare med å sjå på korleis ein kan implementere ICB-logo i eigen logo. Som del av merkevarebygginga.
- Oppstart av dagleg leiar 1. november. Knut Songve informerte. Idrettskretsen tek ansvar for å ta dagleg leiar godt imot.
- Arbeidet med intern forankring held fram. Nokre av aktørane er komen langt med dette, medan det vil ta meir tid for andre, grunna m.a. storleik og kompleksitet i organisasjonane.
- Status delprosjekt – gjennomgang av dei ulike prosjekta.
- Expo – erfaring. Alle er samd i at det har ført til god intern forankring og at det er positivt med mange treff på filmane som vart publisert. Møteleiar kom med forslag om at Idrettscampus Bergen med fordel kan «poppe opp» på andre plassar... t.d. bysentrum ein laurdag, Brannkamp/ fansone. Det er viktig med uniformering (grønn t-skjorte) for felles merkevarebygging.
- Alle vart oppmoda til å invitere alle sine venner til å like Idrettscampus Bergen si side på facebook.

Vedtak: Teke til etterretning.

## 7.3 Status budsjett og rekneskap 2017

Knut Songve gjekk igjennom budsjettet

Vedtak: Teke til etterretning.

## 7.4 Metodar og verktøy

Gjennomgang av korleis det vert jobba med dei ulike malane opp mot porteføljeoversikta, og korleis dette heng saman med digital samhandlingsløysing.

Vedtak: Teke til etterretning.

## 7.5 Nye delprosjekt

Forslag til tre nye delprosjekt vart presentert på møtet;

- Søknad om nasjonalt senter for eigenorganisert aktivitet v/ Rune Titlestad og
- Arrangementskompetanse v/ Hanne Espe
- Antidoping v/ Hanne Espe

Vedtak:

1. Det skal utarbeidast ein søknad om å bli nasjonalt kompetansesenter for eigenorganisert aktivitet innan fristen 1. november. Det vert sett av inntil kr 50.000 til dette arbeidet.
2. Styret stiller seg positive til å opprette delprosjekt knytt til arrangementskompetanse og antidoping. Prosjektmandat for desse delprosjekta vert handsama på neste styremøte for endeleg avgjerd.

#### 7.6 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus Bergen

Forslag til vedtak: Teke til etterretning.

(punktet vart ikkje handsama)

#### 7.7 Møteplan

Vedtak: Nytt møte i styringsgruppa 8. desember, kl. 9.00 - 11.00 på Idrettens hus

#### 7.8 Eventuelt

Ingen saker